



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg

Møtedato: 17.04.2013

Møtetid: 15:00 - 16:00

Møtestad: Kommunehuset

Av x medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Karl Kolbotn	Jon Magne Bogevik

Andre som var til stades på møtet:
Kultursjef Arnved Lund, ass.rådmann Hilde-Lill Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	Tilskot til 100 årsjubileum for IS Vonheim
Utvalet sitt kvarter:	<p><u>Jon Magne Bogevik</u> stilte spørsmål om status for tiltak og bruk av mastemillionane til div. ungdomstiltak, kunstgrasbane og musikk binge. Kultursjefen orienterte om at det er søkt om byggløyve for musikkbingen, og at den vil vera på plass når søknaden er godkjent. Det er gjennomført arbeidsmøte med ungdom, vore møte med elevane på ungdomsskulen, samt spørjeskjema frå helsesøster/ungdomsskulen/kulturkontoret på kva tiltak som er aktuelt for barn og unge. Dette vil danne grunnlaget for dei tiltak som vil verte lagt fram for utvalet. Når det gjeld kunstgrasbanen er det dialog med idrettslaget, men det er ikkje avklart.</p> <p><u>Liv Berit Befring:</u> Ønska å få invitert utekontakten i Kvam til orientere utvalet/kommunestyret om deira arbeid med barn og unge.</p>
Dokument utlevert i møtet:	Kulturprisen – OO sluttar seg til ei revisjon av retningslinene.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 24.04.2013

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/13	13/186	Faste saker	
005/13	12/198	Innkome høyringsfråsegn til kommunedelplan for kulturminne	
006/13	13/68	Fordeling av kulturmidlar 2013	

SAKNR. 004/13
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

17.04.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Utvalet sitt kvarter: Jon Magne Bøgevik stilte spørsmål om status for tiltak og bruk av mastemillionane til div. ungdomstiltak, kunstgrasbane og musikk bingje. Arnved Lund orienterte om at det er søkt om byggløyve for musikkbingjen, og at den vil vera på plass når søknaden er godkjent. Det er gjennomført arbeidsmøte med ungdom, vore møte med elevane på ungdomsskulen, samt spørjeskjema frå helsesøster/ungdomsskulen/kulturkontoret på kva tiltak som er aktuelt for barn og unge. Dette vil danne grunnlaget for dei tiltak som vil verte lagt fram for utvalet. Når det gjeld kunstgrasbanen er det dialog med idrettslaget, men det er ikkje avklart. Liv Berit Befring: Ønska å få invitert utekontakten i Kvam til orientere utvalet/kommunestyret om deira arbeid med barn og unge.

OO-004/13 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 005/13

INNCOME HØYRINGSFRÅSEGN TIL KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE

17.04.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg: ”Oppvekst og omsorg ber om at dei foreslåtte tiltak vert innarbeida i Kulturminneplanen.” Samrøystes vedteke. Plan vert oversendt til kommunestyret for endeleg vedtak.

OO-005/13 VEDTAK:

Oppvekst og omsorg ber om at dei foreslåtte tiltak vert innarbeida i Kulturminneplanen.

SAKNR. 006/13

FORDELING AV KULTURMIDLAR 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekt og omsorg vedtek fordelinga slik den ligg i rådmannens innstilling.

17.04.2013 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-006/13 VEDTAK:

Utval for oppvekt og omsorg vedtek fordelinga slik den ligg i rådmannens innstilling.